



Jolenummer - 2025

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Eg bladde i Bibelen til mormor. Den var frå 1911 og truleg ei gåve til konfirmasjonen. Ho las i den til det siste. Det var understrekingar og notater. Eg fann ei preike av Trygve Nordtvedt. Han var sokneprest i Valle prestegjeld frå 1949 til 1956. Det var i tida etter Austad og før Bjelland. Temaet hans var "Ta vel vare på minnene". Han skriv at det nok var minnene frå farshuset som gjorde at den bortkomne sonen kom til seg sjølv og vende heimatt etter å ha ødsla alt og nådde bunnen. (Les Lukas 15,11-32)

Forfatteren Dostojevski sa "Dere hører meget om barneoppdragelse. Men jeg skal si dere at et eller annet skjønt og hellig minne fra barndomstiden er nesten den beste oppdragelse - blott ett slikt minne kan en gang tjene oss til frelse.

Me kan be Herrens bøn - la ditt rike kome, og med det invitere Jesus inn i hjarte og heim med sin fred.

Me kan be Herrens bøn - la ditt rike kome, og møte morgondagen med rett rygg - i trass og tru.

Jesus skal kome att og sette alt i rett stand, det er rekneskapsdagen for liva våre.

Sei: Eg og mitt hus vil tene Herren. Sei: Kom Herre Jesus!

Med ynskje om ei god og fredfull jolehøgtid, og eit godt nytt år.

Toralv Frøysaa Lie, Sokneprest i Valle og Bykle

*Alle kongar skal kasta seg ned for han,
alle folkeslag skal tena han.
Han bergar ein fattig som ropar,
ein stakkar som ingen hjelper.
Lat namnet hans leva til evig tid,
skyta friske skot så lenge sola er til!
Sal 72,11-12.17*

Ætt skal fylgje ætterad

Døyppte *

Bykle sokn

10.05 Nora Sødergren Vatslid i Fjellgardane kyrkje
22.06 Haakon Bjørgulvson Spockeli Bjørnarå i Bykle gamle kyrkje
31.08 Eivind Gjerden-Langfeldt i Bykle gamle kyrkje
31.08 Sonja Lidtveit Brokke i Fjellgardane kyrkje
28.09 Trym Stensbøl Dreng i Fjellgardane kyrkje
12.10 Jonas Brastad i Bykle kyrkje
16.11 Noah Bjørnarå Homme i Bykle kyrkje

Valle og Hylestad sokn

20.04 Birk Nordeide Kjørmo i Valle kyrkje
10.05 Ingebjørg Sondresdotter Dokken i Valle kyrkje
2.08 Bo Vilhelm Hagen i Hylestad kyrkje
17.08 på Tveitetunet
Alma Esserteau Høyer
Silje Oddvarsdotter Homme
Lucas Tveiten
13.09 i Valle kyrkje
Tone Nomeland Omlid
Nora Tveiten Nomeland
2.11 Juliane Homme i Bykle kyrkje
16.11 i Valle kyrkje
Vebjørn Sandland Åmlid
Sol Lillian Tiedje

Konfirmerte

Laurdag 31. mai i Hylestad kyrkje

Mari Solbakk Lye, Edvin Ketilsson Brottveit-Homme, Erik Harstad, Olav Haugeland Omnes, Aron Nygaard Fjellaker, Torleiv Håkon Løyland Helle, Isabelle Pentreath og Karen Marie Haugen Rysstad

Sundag 1. juni i Bykle kyrkje

Tirill Flaten-Hamra

Laurdag 7. juni i Valle kyrkje

Birk Kjørmo, Åsne Viki og Ulvar Eirik Slaby Driel

Sundag 8. juni i Fjellgardane kyrkje

Tomasz Adam Matysik, Linus Johnsen Kjær, Julian Enes-Seberg, Sol Thrane Bye, Celine Enes-Seberg og Vilde Bentsen Breive-Lidtveit

* Gjeld etter førre utgåve av Vegleiaren

Avlidne *

Bykle sokn

Bjørg Trydal f. 1945 d. 15.07
Jon Rolf Næss f. 1962 d. 4.08
Anita Irene Dahl, født 1963 d. 01.10

Valle og Hylestad sokn








Auver Flateland f. 1941 d. 17.04
Kai Anstein Andersen f. 1958 d. 2.05
Anne N Uppstad f. 1933 d. 2.05
Gunn Berit Talleivsen Åkre f. 1978 d. 17.05
Hans Axel Gunnar Skotterud f. 1959 d. 23.05
Hallvard G Tveiten f. 1955 d. 25.05
Marit Røysland f. 1941 d. 6.06
Roman Christopf Kohler f. 1959 d. 25.06
Bjørg Brottveit f. 1965 d. 3.07
Jorunn B Brokke f. 1940 d. 10.07
Knut S Nomeland f. 1942 d. 23.09
Tore Sigbjørn Rysstad f. 1957 d. 13.10
Torbjørg Straume f. 1944 d. 15.10
Olav J Tveit f. 1940 d. 29.10

Lær oss å telja våre dagar

så vi kan få visdom i hjartet!

Salme 90,12

Dei tilsette i kyrkja **



Ein presentasjon av dei tilsette i kyrkja

Dei tilsette fekk desse to spørsmåla

1. Kva finn du meiningsfullt med å jobbe i kyrkja?
2. Sei noko om di julefeiring dette året, eventuelt om eit godt juleminne.

Ryszard Gosciniak

Kyrkjetenar i Bykle frå 1.03.2016.

1. Eg hadde lyst å jobbe i kyrkja fordi dette er en mulighet å tjene Gud og jobbe sammen med hyggelige medarbeidere.
2. Høydepunktet angående julefeiring i året 2025 er for meg julegudstjeneste 24.12. på Hovden.

Eirik Hodnemyr

1. Eg tykkjer det er flott å få arbeidet med song, musikk, kulturopplevingar og bygging av kyrkjelyd. Som muskar får eg utfalde meg i kyrkjerommet, og arbeide saman med faste kollegaer, friviljuge og andre songarar og muskarar i Bykle, Valle og Hylestad. Å få peike på Jesus gjennom det arbeidet finn eg svært meiningsfylt.
2. I år skal me ha besøk av mine svigerforeldre som kjem heilt frå Årnes på Romerike. Det blir fyrste jol i ny heim, og fyrste jol med pinnekjøtt (av geit).

Ina Kjøstvedt

Kyrkjevevje i Bykle frå 1.10.2025

1. Eg brenn for å skape verdifulle møteplassar i kyrkja og i lokalmiljøet. Det beste med arbeidet er alle dei fine folka eg arbeider saman med og treff gjennom jobben min.
2. Det beste med jola er ventetida og førebuinga saman med familien min, den drar me ut så lenge me kan. Frå starten av desember fyllast huset gradvis med pynt, luktar og jolestemning.

Toralv Frøysaa Lie

Sokneprest i Valle og Bykle frå 1.12.2022

1. Her får eg arbeide med det som betyr mest i miitt liv. Å kjenne Jesus og gjere Han kjent. Eg trivs som lagspelar. Det er fint å bygge noko saman.
2. Å feire Gudsteneste er høgtid. Og eg skal ha tid saman med familien. God mat og deling av minner gjer meg godt.

Astrid Nomeland

Reinhaldar i kyrkja sidan 2019

1. Det er ein viktig jobb
2. Skal i år til yngste datter i Kristiansand å feire jul.

Anne Kirsten (Sissa) Ringstad

Seniorrådgjevar, har jobba i kyrkja sidan 1. august 1997 - godt over 25 år som kyrkjesjef.

1. Arbeidet i kyrkja er ei teneste med meining. Det er mange ulike arbeidsoppgåver. I nokre augneblink opplever eg at tenesta gjev glede og mot inn i mennesker sitt liv.
2. Mitt beste juleminne er når vi våkna julaften og forta oss inn i stua. Der stod juletreet og lyste, flott pynta av mor og far, natt til julaften.

Anne Synnøve Ropstad

Kateket i Bykle og Valle frå 1.08.2025

1. Det er mye meningsfylt med å jobbe i kyrkja. Eg likar godt å jobbe med ungdom, og få sjå dei vekse som menneske og i trua på Gud.
2. Eg gler meg til rolege joledagar i lag med folk eg er glad i. Eg er glad i gudstenesta, og 1. joledagsgudstenesta er spesiell.

Ingunn Nordmo Sagland

Kyrkjevevje i Valle og Hylestad sokn frå 1.12.2025

1. Som nyansatt ser jeg spesielt fram til å begynne å jobbe i kirka. For meg er det f.eks. meningsfullt å gå i kirken til Gudstjeneste. Der kan jeg senke skuldrene og bare være, og kjenner ofte på en helt spesiell form for ro og fred.
2. I år feirer vi julen på Hovden med besøk av familie.

Åse Gudrun Thortveit

Prostidiakon i Øvre Otredal frå 01.08.2023

1. Det er meningsfullt å møte nye og spennende mennesker i Øvre Setesdal, jeg trives godt med andakter, besøk, og samtaler!
2. Julefeiringen i år blir hjemme i Vennesla, med mine barn, svigerbarn og barnebarn. Noen kommer i julen og noen til nyttår.

Takk til tidlegare tilsette

Tor Hallvard Mosdøl - Kyrkjevevje i Bykle i ei årrekke

Ollie Amadeus Kiland Rysstad - trusopplærar og kyrkjelydsarbeidar førre året.

Else Gyro Rysstad som kyrkjevevje i Bykle i ein overgang

Gunveig Kaarvann som har hatt teneste som klokkar og kyrkjetenar i Valle og Hylestad

Be for frivillige og tilsette i teneste

*** Fleire av desse har deltidssstillingar*



DEN NORSKE KYRKJA

Bykle, Valle og Hylestad



Eyvind Skeie her saman med konfirmantane i Valle og medverkande på gudstenesta i Hylestad kyrkje 12. oktober.

Eyvind Skeie i Valle

Me kjenner oss takknemlige som fekk Eyvind Skeie hit til Valle. Måndag kveld var det eit program i regi av Valle kulturveke. Han var og med på gudsteneste i Hylestad søndagen, og på ei samling for stab og engasjerte frivillige frå heile Otredal prosti på måndag. Han representerer Stefanusalliansen, og kom hit sidan me har Stefanusborna - du veit dei som lever i søppelbyen i Kairo - som misjonsprosjekt.

Gudstenester

Jolaftan 24. desember

Kl. 13.30 i Hovden grendehus

Kl. 15.00 i Bykle kyrkje

Kl. 16.30 i Valle kyrkje

Joledagen 25. desember

Kl. 12 i Hylestad kyrkje

På gudstenestene i jula tek me opp ei gåve til Stefanusalliansen sitt arbeid for Stefanusborna.

Joletrefestar

Valle - Fredag 4. januar kl. 16 i Kyrkjestoga

Bykle - Fredag 9. januar kl. 17 i Kyrkjekjeddaren



Vegleiaren Nr 11 - desember 1955 hadde mellom anna desse sakene.

Det er gitt løyve til å føre opp eit kapell på Hovden kyrkjegard i Bykle sokn i Valle prestegjeld.

Gunnar O. Helle fekk takk for tenesta som kyrkjetenear i Hylestad etter 40 års teneste i stillinga. Han var fødd 23. juli 1880, og var soleis 75 år sumaren 1955. "Når denne siste daleklædte kyrkjetenaren set nykelen i kyrkjedøri etter vakemessa nyttårsnotti, då er det mest som me står - ikkje bere ved eit årsskifte, men - ved eit *tidsskifte*." - *Skreiv Trygve Nordtvedt*

Pop-up Gjenbruksbutikk på Hovden

Bykle sokneråd er samarbeidspartner med Bykle Frivilligsentral og Folkeakademiet i Bykle i ein ny gjenbruksbutikk som opna på Hovden 20. november. Det er eit mellombels tilbod fram til 15. januar.

Opningstidene er

• Torsdag og fredag: kl. 13.00–18.00

• Laurdag: kl. 10.00–16.00

Adressen er: Skulevegen 19

I Fjellgardstun - like ved pizzabakeren.

Redaksjonen avslutta 27. november 2025

Sokneprest Toralv Frøysaa Lie

Valle og Hylestad kyrkjekontor

Besøksadresse: Nordibøvegen 139, 4747 Valle

Postadresse: Pb 8, 4746 Valle

Tel: 474 82 359

E-post: post@valle.kyrkja.no

Bykle kyrkjekontor

Besøks- og postadresse: Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Tel: 952 75 070

E-post: post@bykle.kyrkja.no